



Til sjukeheimar i Rogaland

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Invitasjon til deltaking i konkurransen "Gylne måltidsøyeblikk"

Statsråd Sylvi Listhaug har sett i gang ein landsomfattande mat- og måltidskonkurranse der alle sjukeheimar i landet blir inviterte til å delta. Landbruks- og matdepartementet (LMD) legg vekt på behovet for auka merksemd for temaet eldre og ernæring. Årsaka er at enkelte eldre bebuarar ved institusjonar er i risikosona for underernæring. Formålet med konkurransen er å framheve kor viktig maten og måltida er for god helse og trivsel. Respekt for maten og måltida inkludert medverking frå brukarar og pårørande, er konkurransen sitt hovudfokus. Konkurransen «Gylne måltidsøyeblikk» ønskjer å bidra til auka matlyst og god atmosfære rundt måltida.

Det skal gjennomførast fylkesvise konkurransar der det skal kårast ein fylkesvinnar. Fylkesmannen i Rogaland er ansvarleg for gjennomføringa av konkurransen i Rogaland. Det er nedsett ein jury, og jurypersonane har tverrfagleg kompetanse og erfaring innan tema. Det skal vidare kårast ein nasjonal vinnar blant fylkesvinnarane i november. Sjå vedlagte brev frå statsråd Sylvi Listhaug.

Korleis delta:

- Det skal sendast inn bilete av ein typisk middagstallerken i minst fem av vekas sju dagar, saman med vekesmenyen for den aktuelle veka.
- Send inn minst eitt bilete av spisebordet og eitt bilete av spiserommet. Vær merksam på at det ikkje skal sendast inn bilete der personar kan identifiserast utan samtykke.
- Kontaktinformasjon til representant for bebuarar, og eller pårørande/venneforeining.
- Ei stadfesting av at det er tatt omsyn til ernæringsmessige kriterier (jfr. Kosthåndboka frå Helsedirektoratet, rettleiar i ernæringsarbeid i helse- og omsorgstenesta).
- Institusjonen må stadfeste at dei har sett 3 minuttars dokumentarfilmen som handlar om mat og eldre; www.cyerci.no/eldremat
- Send gjerne inn eigne skildringar om korleis dykkar institusjon stimulerer til matlyst hos bebuarane.

I Rogaland vil konkurransen vere **open for innsending frå 1. september til 30. september**. Bidraget skal sendast til fmro.matlyst@fylkesmannen.no.

Tida fram til innsending kan sjukeheimane bruke til førebuing og planlegging av si deltaking, gjerne i samarbeid med sine kommunalsjefar/einingsleiarar. Sjå gjerne LMD`s heimeside www.regjeringen.no/lmd for mattips og inspirasjon.

Bedømming

Ein jury skal kåre ein fylkesvinnar i løpet av oktober. Dei innsendte bidraga vil bli vurdert ut frå eit heilskapleg inntrykk av bilete og skildringar. Bedømminga baserer seg på måltidet si samansetting, samt korleis maten, spisebordet og spiserommet ser ut. Synspunkt frå bebuarane og pårørande kan bli etterspurt av juryen.

På bakgrunn av den teoretiske vurderinga, vil det bli valt ut tre kandidatar i kvart fylke som skal vurderast praktisk. Dei tre kandidatane vil få besøk av juryen som vil vurdere dagens middagsrett ut frå ei heilskapleg vurdering.

Premie

Premien til fylkesvinnaren frå Rogaland er ei innovativ måltidsoppleving på Måltidets Hus for representantar frå kjøkken- og pleiepersonalet. Det blir gode smakebitar frå Rogaland sitt matfat, forskinga si verd og lokale innovasjonar, samt erfaringsutveksling om framtidsretta måltidsløysningar for eldre i institusjon. Premien er eit samarbeid med NCE Culinology. Vinnaren får i tillegg eit diplom med statsråden si underskrift.

Kontaktpersoner

Måltidets Hus AS har tatt utfordringa gitt av Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune for å følgje opp Rogaland sin innsats i denne konkurransen.

Kontaktperson er Kari Birgitte Melvær Wiig, kari.birgitte@maaltidetshus.no eller 47408958.

Ansvarleg for prosjektet er mat- og landbruksdepartementet v/Stine Sem, stine.sem@lmd.dep.no.

Vi håper på stor deltaking frå sjukeheimane i Rogaland.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Eli Munkeby Serigstad
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Eli Munkeby Serigstad
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 62
E-post: fmroese@fylkesmannen.no

Vedlegg: Brev frå statsråd Sylvi Listhaug

Kopi:
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger
Måltidets Hus AS Postboks 8034 Postterminalen 4068 Stavanger